



## Møteprotokoll

---

**Utval:** Fellesnemnd Nye Øygarden kommune  
**Stad:** Skjenet 2, møterom i andre etasje  
**Dato:** 15.10.2018  
**Tid:** 09:00 - 11:30

---

**Medlemer som møtte:**

Børge Haugetun	Leiar	TVØ
Marianne Sandahl Bjorøy	Nestleiar	AP
Kari-Anne Landro	Nestleiar	H
Egil Haaland	Medlem	AP
Tom Georg Indrevik	Medlem	H
Ernst Morten Einarsen	Medlem	H
Odd Bjarne Skogestad	Medlem	KRF
Anita Garlid Johannessen	Medlem	FRP
Olav Kobbeltveit	Medlem	V
Nils Kåre Skoge	Medlem	H
May Elin Limevåg	Medlem	FRP
Jogeir Sognnæs	Medlem	AP
Silvia Haugland	Medlem	Uavhengig
Espen Harkestad	Medlem	AP
Ingrid Marie Toft	Medlem	H

---

**Forfall:**

Kjell Arve Vorland	MEDL	SP
Svein Petter Bergh	MEDL	SL

---

**Varamedlemer som møtte:**

Elna Nybakk	for Svein Petter Bergh	SL
Ørjan Telle	for Kjell Arve Vorland	AP

---

**Andre:**

Prosjektrådmann Rune Lid, kommunalsjef Lillian Torsvik, møtesekretær Unni Rygg.

---

Kari-Anne Landro

Børge Haugetun  
underskrifter

Marianne Sandahl Bjorøy

---

# SAKSLISTE

Saksnr	Innhald
PS 52/18	Godkjenning av innkalling, saksliste og møtebok
PS 53/18	Referatsaker og orienteringar
RS 6/18	Vurdering av sak gjeldande habiliteten til representant Tom Georg Indrevik
PS 54/18	Spørsmål frå medlemmer i fellesnemnda
PS 55/18	Kommuneplan for nye Øygarden kommune
PS 56/18	Styringsdokument for administrativ prosjektorganisering
PS 57/18	Oppfølging av inndelingslova knytt til kontrollutval og andre råd og utval
PS 58/18	Nye Øygarden kommune - oppstart av arbeid med ordførarkjede

## PS 52/18 Godkjenning av innkalling, saksliste og møtebok

### Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 15.10.2018:

Innkalling, saksliste og protokoll frå førre møte (10.09.18) vart godkjente utan merknader.

### Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 15.10.2018:

Innkalling, saksliste og protokoll vert godkjent.

## PS 53/18 Referatsaker og orienteringar

- Prosjektrådmannen si munnlege orientering – prosjektstatus
- RS 6/18 Vurdering av sak gjeldande habiliteten til representant Tom Georg Indrevik v/ kommuneadvokaten i Fjell, Dag-Heine Bjørndal

### Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 15.10.2018:

Orientering om status for prosjektet Nye Øygarden kommune ved prosjektrådmann Rune Lid:  
Lid gav ein grundig gjennomgang av prosjektorganisasjonen sitt virke og korleis den er sett saman. Lid trakk særskilt fram «overordna styringsgruppe» si rolle i prosjektet, og «prosjektstøttegruppa» som vil utvidast etter behov. Det vil vere særskilt vesentleg at prosjektleiar for dei ulike prosjektgruppene klarar å prioritere det som må gjerast før 1.1.2020 og avklare det som kan vente, jf. mandat, for å sikre framdrifta til den nye kommunen. Eit kritisk område vil vere frigjering av tilstrekkeleg med ressursar til prosjektgruppene. *Etter presentasjonen vart milepelsplanen for prosjektet etterlyst, og prosjektrådmannen gav signal om at fellesnemnda vil få presentert ei slik oversikt. Det vart vidare stilt spørsmål om offentlegheit; grensesnitt mellom administrative og politiske avgjersler; brukarane av tenestane; og innovasjon. Prosjektrådmannen stadfesta at bestillingar i intensjonsavtala vert følgt opp innan alle desse områda. Ved spørsmål om informasjon til tilsette kunne også prosjektrådmannen vise*

*til komande møter med tillitsvalde som grunnlag for vidare informasjonsarbeid. Leiar av fellesnemnda, Børge Haugetun, takka for presentasjonen og viste til at den vil sendast ut til fellesnemnda etter møtet.*

Referatsaker og orienteringar vart deretter tekne til orientering.

#### **Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 15.10.2018:**

Referatsaker og orienteringar vert tekne til orientering.

### **RS 6/18 Vurdering av sak gjeldande habiliteten til representant Tom Georg Indrevik**

#### **Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 15.10.2018:**

#### **Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 15.10.2018:**

Referatsaka vert teken til orientering.

### **PS 54/18 Spørsmål frå medlemmer i fellesnemnda**

#### **Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 15.10.2018:**

#### **Marianne Sandahl Bjørøy;**

Bjørøy, som er leiar for utval for politisk styringsstruktur, bad fellesnemnda ta stilling til om utvalet kan få utvida sitt mandat til å også lage opplæringsplan for det nye kommunestyret. Ein opplæringsplan vil legge opp til skulering av det nye kommunestyret i perioden etter det konstituerande møtet og fram til samanslåinga 1.1.2020.

*Fellesnemnda var samrøystes i å utvide mandatet til utval for politisk styringsstruktur som skissert over.*

#### **Anita Garlid Johannesen;**

Johannesen viste til lesarinnlegg i ulike media som Vestnytt / Facebook, om manglande demokratiske prosessar bak t.d. namnevalet på den nye kommunen, og om fellesnemnda burde involvere seg meir i slike debattar.

*Fellesnemnda sin leiar, Børge Haugetun, viste til at dei tre kommunestyra på møta 21.06.17 vedtok namnet på den nye kommunen med stort fleirtal. I tillegg er namnet fastsett gjennom forskrift av kommunal- og moderniseringsdepartementet, «Forskrift om sammenslåing av Fjell kommune, Sund kommune og Øygarden kommune til Øygarden kommune, Hordaland» [FOR-2017-12-19-2173](#).*

#### **Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 15.10.2018:**

Fellesnemnda godkjenner at utval for politisk styringsstruktur får utvida sitt mandat til å også lage ein opplæringsplan for det nye kommunestyret. Opplæringa av det nye kommunestyret skal gjennomførast i perioden etter det konstituerande møtet og fram til samanslåinga 1.1.2020.

# PS 55/18 Kommuneplan for nye Øygarden kommune

## Innstilling:

1. Fellesnemnda vedtek å starta opp arbeidet med ny kommuneplan for nye Øygarden kommune, både arealdel med føresegner og samfunnsplan, tidleg i 2020.
2. Fellesnemnda vedtek framdriftsplan for prosessen med planstrategi i den nye kommunen, inkludert planprogram til kommuneplanen, slik det går fram av saksutgreiinga.

## Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 15.10.2018:

Fellesnemnda drøfta behovet for å starte opp arbeidet med samfunnsplan som styringsdokument, i forkant av nytt kommunestyre, sett opp mot administrative ressursar. Det vart peika på at spørsmålet om å setje i gang arbeidet med samfunnsplan var ei oppfølging av fellesnemnda sitt vedtak i møtet 19.02.18 sak 14/18 om milepelsplanen for prosjektet, punkt 29 «*Plan for igangsetting av arbeidet med framtidige planoppgåver med særleg prioritet. Vurdera innhald, tidspunkt for oppstart, organisering m.m. for planer og planformer som vil ha særleg relevans i høve ny storkommune. T.d. kommuneplanen sin samfunnsdel, kommuneplanen sin arealdel, felles kulturplan m.m.*».

Etter ein lengre diskusjon kom det framlegg frå Tom Georg Indrevik om følgjande justering av innstillinga punkt 1, og nytt punkt 3:

1. Fellesnemnda vedtek å starta opp arbeidet med ny kommuneplan for nye Øygarden kommune, arealdel med føresegner, tidleg i 2020.
3. Fellesnemnda ber prosjektrådmannen om å legge fram ei sak som avklarar om det er mogleg å starte opp arbeidet med grunnlaget for samfunnsdelen av kommuneplanen.

Framlegget om justert punkt 1 og nytt punkt 3 vart samrøystes vedtekne. Innstillinga punkt 2 vart samrøystes vedteken.

## Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 15.10.2018:

1. Fellesnemnda vedtek å starta opp arbeidet med ny kommuneplan for nye Øygarden kommune, arealdel med føresegner, tidleg i 2020.
2. Fellesnemnda vedtek framdriftsplan for prosessen med planstrategi i den nye kommunen, inkludert planprogram til kommuneplanen, slik det går fram av saksutgreiinga.
3. Fellesnemnda ber prosjektrådmannen om å legge fram ei sak som avklarar om det er mogleg å starte opp arbeidet med grunnlaget for samfunnsdelen av kommuneplanen.

# **PS 56/18 Styringsdokument for administrativ prosjektorganisering**

## **Innstilling:**

Fellesnemnda godkjenner styringsdokument for administrativ prosjektorganisering slik det ligg føre.

## **Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 15.10.2018:**

Under behandlinga av saka vart det vist til mindre skrivefeil og behov for presisering i styringsdokumentet. Prosjektrådmann Rune Lid vil følgje det opp og korrigere dokumentet deretter.

Leiar for fellesnemnda, Børge Haugetun, peika også på at gjennomsiktigheit og openheit vil vere vesentleg for prosessen vidare slik at alle involverte kan følgje prosjektet etter behov.

Basert på korrigert styringsdokument så vart innstillinga samrøystes vedteken.

## **Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 15.10.2018:**

Fellesnemnda godkjenner styringsdokument for administrativ prosjektorganisering slik det ligg føre.

# **PS 57/18 Råd og utval i nye Øygarden kommune - sekretariat for kontrollutvalet**

## **Innstilling:**

## **Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 15.10.2018:**

Fellesnemnda diskuterte dei ulike innstillingane som var presentert i saksframlegget. Når det gjaldt initiativet frå kontrollutvala så vart projektrådmannen oppmoda til å avklare om det er naudsynt for fellesnemnda å kome med eit vedtak om revisjonstenester og sekretariatsfunksjon, på noverande tidspunkt, eller om innstillingspunkta vil løyse seg automatisk ved kommunesamanslåinga. Når det gjaldt avsnittet om andre råd og utval så vart projektrådmannen oppmoda til å sjå på formuleringa av innstillinga, for å både markere at engasjement er ynskjeleg men likevel sette klare rammer for styringa av oppgåver.

Framlegg frå møteleiar Børge Haugetun om at saka vert utsett til neste møte i fellesnemnda, for ytterlegare avklaringar.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

## **Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 15.10.2018:**

Saka vert utsett til neste møte i fellesnemnda.

# **PS 58/18 Nye Øygarden kommune - oppstart av arbeid med ordførarkjede**

## **Innstilling:**

### **Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 15.10.2018:**

Saka var lagt fram for fellesnemnda utan innstilling, men med to ulike forslag til vedtak.

Framlegg frå Tom Georg Indrevik om alternativ 2 i saka;

1. Fellesnemnda gjev utval for politisk styringsstruktur som tilleggsoppgåve å utarbeide forslag til ordførarkjede for nye Øygarden kommune. Forslag til ordførarkjede skal leggjast fram for fellesnemnda til avgjerd.
2. Ordførarkjede skal vera klart til bruk 01.01.20

Framlegget vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 15.10.2018:**

1. Fellesnemnda gjev utval for politisk styringsstruktur som tilleggsoppgåve å utarbeide forslag til ordførarkjede for nye Øygarden kommune. Forslag til ordførarkjede skal leggjast fram for fellesnemnda til avgjerd.
2. Ordførarkjede skal vera klart til bruk 01.01.20